



Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Turlag



NORSK ORNITOLOGISK
FOREINING



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstua, 0301 Oslo

Fråsegna er støtta av:

Norsk Ornitologisk Foreining Sogn og Fjordane, Norsk Ornitologisk Foreining
avdeling Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og
Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane.

Leikanger, 15.05.2020

Høyringsfråsegn Kjosfossen kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget.

FNF viser til høyringsbrev frå NVE som er datert 06.02.2020 og vil komme med nokre kommentarar i forhold til kva som må vektleggast i den vidare behandlinga av søknaden.

Bakgrunn.

Den opphavelige konsesjonen for reguleringa av dei forskjellige vatna vart gitt i perioden 1935-1946, det vil seie at det har gått lang tid sidan konsesjonane vart gitt. I løpet av denne tida har praksisen og kunnskapen rundt naturinngrep blitt endra, og dette må tas til følge når ein no skal vurdere rammene rundt konsesjonen vidare.

Me er opptatt av at det må gjerast ei grundig behandling av denne konsesjonssøknaden, der ein må sjå på dei miljømessige konsekvensane av reguleringane. Med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kan ein legge føringar for konsesjonsvilkåra og stille krav om avbøtande tiltak. Sjølv om det ikkje er søkt om endringar av reguleringane, og det blir fremma i søknaden at det derfor ikkje blir endringar i miljømessige konsekvensar, så må ein sjå det i samband med at krav til slike utgreiingar har endra seg over tid og at ein må sjå nærare på dette. Me ber derfor om at det vil bli gjort ei konsekvensutgreiing der ein ser nærare på konsekvensar for miljø og naturmangfald.

Minstevassføring.

I ei konsekvensutgreiing må det sjåast nærare på tiltak i Kjosfossen som kan betre den økologiske tilstanden for Kjosfossen (VatnforekomstID 072-54-R). Eit tiltak som må på plass er å innføre ei minstevassføring. Prognosar frå Norsk Klimaservicesenter¹ viser til ein auke i nedbør i åra som kjem og dette vil kunne bøte for innføring av minstevassføring.

Det må og utarbeidast ei konsekvensutgreiing i partiet mellom demningen ved Klevavatn og Moldåna, dette partiet må og få på plass ei minstevassføring som kan betre grunnlaget for livet i og rundt strekninga.



Ein må og kartlegge og vurdere tilstanden i fossesprøytsone til Kjosfossen. I kartlegginga må ein sjå på kva grad eksisterande tiltak påverkar sone både i utstrekning og i biologisk verdi. Sjølv om den sone som er i dag er etablert gjennom mange år er viktig, så må ein sjå på kva påverknad reguleringa har. Ein må sjå etter og iverksette tiltak for å betre forholda slik at fossesprøytsone blir best mogleg. Eventuelle tiltak bør føre til ei oppfølging av tilstandsvurderinga etter nokre år. Fossesprøytsone ved Kjosfossen blir i NVE rapport *VVV-rapport2001-19*ⁱⁱ framheva som viktig og det svulmande botnsjiktet av mosar under Kjosfossen er avhengig av konstant høg fukt frå fossenⁱⁱⁱ. Fossesprøytsone blir rekna som spesielt viktige når ein skal verne om biologisk mangfald.

Fuglefaunaen og kraftlinja i tilknytning til Kjosfossen.

Det må gjerast utbetrande tiltak på eksisterande kraftlinjer. Informasjon om dette kan lesast om i ein rapport frå NVE med tittelen «Fugl og kraftledningar, Tiltak som kan redusere fugledød»^{iv}. Fugledød i samband med kraftlinjer gir gode forhold for raudrev som fort lærer seg kvar ein finn daude fuglar, dette gir dårlege ringverknadar da rev er predator på mykje anna fugl, og den er kjent for å fortrenge fjellrev. Fjellrev vart observert i nærområdet i 2014 ved Ramnabergnuten. Fjellreven er vedtatt som prioritert art av Kongen i statsråd, og ein må ta omsyn til fjellrev i områda der den er etablert eller skal etablerast. I «Forskrift om fjellrev som prioritert art etter naturmangfoldloven»^v står det at ein også skal ivareta artens økologiske funksjonsområde og de andre økologiske omgjevnadane som dei er avhengige av. Dette inneber at ein må redusere fordelar som raudrev får i forbindelse med menneskeleg aktivitet, ei av problema med kraftlinjer er at dei gir raudreven eit utvida økologisk funksjonsområde gjennom lettare tilgang til mat. Denne auka tilgangen på mat fører så til at raudrev etablerer seg høgare i fjellet og grev ut etablerte fjellrevhi, det blir da auka konkurranse om dei beste revehia og det blir konkurranse om mat, denne konkurransen tapar fjellreven.

Fjellrev i området var opphavleg utrydda men er no reetablert gjennom utsettingar som starta i 2009 på Finse, dette vart gjort gjennom avlsprogrammet som vart starta på Sæterfjellet avlsstasjon i 2005. Programmet har vist til positive resultat, men framtidsutsiktene er avhengig at ein tar omsyn til fjellreven når ein skal iverksette tiltak i dei fjellområda der den er prioritert. Meir informasjon kan dykk lese om på <https://www.nina.no/V%C3%A5re-fagomr%C3%A5der/Arter/Fjellrev/Avlsprogrammet-for-fjellrev> .

Me ynskjer dykk lykke til med prosessen vidare og håpar dykk får mange gode svar både her og hjå andre. Om det skulle være noko så er det berre å ta kontakt.

Med venleg helsing.

Åsmund Nordgulen
Koordinator
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org.nr: 912 265 722
<https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/>



ⁱ <https://klimaservicesenter.no/>

ⁱⁱ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2000. Verdiar i F l amsvassdraget, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.

VVV-rapport 2001-19. Trondheim http://publikasjoner.nve.no/vvv_rapport/2001/vvvrapport2001_19.pdf

ⁱⁱⁱ Odland, A. (1981). Flora og vegetasjon i Fl amsvassdraget (Vol. 12, Rapport (Universitetet i Bergen. Botanisk institutt : trykt utg.)). Bergen: Universitetet i Bergen, Botanisk inst.

^{iv} NVE rapport nr 2011:27 Fugl og kraftledninger, Kjetil Bevanger og Steinar Refsn es.

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2011/rapport2011_27.pdf

^v https://www.regjeringen.no/contentassets/f057113d975a4e3780333d5676774cbb/fjellrev_kongeligres.pdf